



## Møtereferat

|  |   |                                  |
|--|---|----------------------------------|
| <b>Møte nr. 1 i:</b><br><b>Arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet</b>   | <b>Dato:</b><br>28.11.2017                      | <b>Tid:</b><br>Kl. 09.00 – 11.00 |
| <b>Møteleiar:</b>  | <b>Stad:</b><br>Nye Øygarden kommune, Skjenet 2 |                                  |
| <b>Medlemer som møtte:</b><br>Tom Georg Indrevik<br>Silvia Haugland<br>Laila Klemetsaune<br>Christel Møvik-Olsen<br>Lennart Fjell<br>Kim Dale Eide | <b>Forfall:</b>                                 |                                  |
| <b>Andre:</b><br>Prosjektleder Paul J. Manger<br>Vigleik Brekke  |   |                                  |
| <b>Referent:</b>   |   |                                  |

| Saksnr | Sakstittel   |
|--------|--|
| 1/17   | <b>Konstituering</b><br>Tom Georg indrevik vart vald som leiar av arbeidsgruppa, medan Sylvia Haugland vart vald som nestleiar.  |
| 2/17   | <b>Bakgrunn for arbeidsgruppa</b><br>Prosjektleder Paul J. Manger orienterte om bakgrunnen for å etablere arbeidsgruppa ved å visa til vedtak i fellesnemnda, erfaringar frå andre kommunar som arbeider med kommunesamanslåing og aktuelle tema og samarbeidsaktørar for arbeidsgruppa.   |
| 3/17   | <b>Drøfting</b><br>I drøftinga vart det presisert at det er utval for politisk styringsstruktur som skal arbeida med den politiske organiseringa. Denne arbeidsgruppa (lokaldemokrati og identitet) skal leggja vekt på medverknad frå innbyggjarane og identitetsskapande arbeid.<br>Tema i drøftinga var mellom anna involvering av den frivillige sektoren, tiltak særleg retta mot nærmiljøet i grendene, korleis ein kan engasjera ungdom som til dømes MOT, merkevarebygging, retorikk, felles arrangement og tiltak, bruk av biblioteka og å sjå tiltaka opp mot intensjonsavtalen og kommunikasjonsplanen. |



**NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE**

|             |   |
|-------------|---|
|             |   |
| <b>4/17</b> | <b>Mandat</b><br>Det vart konkludert med at prosjektleiar legg fram ei drøftingssak med spørsmål/problemstillinga knytt til arbeidet til arbeidsgruppa for fellesnemnda den 11. desember. På bakgrunn av drøftinga i fellesnemnda utarbeider arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet eit framlegg til mandat som vert lagt fram for behandling i fellesnemnda den 22. januar. I saka vert det også lagt fram eit budsjett for arbeidet i arbeidsgruppa. |
| <b>5/17</b> | <b>Neste møte</b><br>Neste møte i arbeidsgruppa vert tysdag 19. desember kl. 08.30 – 12.00 på Skjenet.  |
| <b>6/17</b> | <b>Ymse</b><br>Det var ingen tema under posten ymse.  |